

Hordaland fylkeskommune

[kultur@hfk.no](mailto:kultur@hfk.no)

Bergen, 26. september 2014

## Høyringsfråsegn Premiss: Kultur

Høringsfråsegn i høve Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv, eller kanskje heller Friluftsliv, idrett og kultur. Vi set pris på at vi blir hørt i utarbeidingsa av den nye planen og håpar vi har mulighet til å påvirke utforminga av denne.

Fylkeskommunen ønskjer å slå i hop områda museum og kulturminnevern – arkiv – kunstproduksjon og kulturformidling – bibliotek – fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i ein plan. Denne skal heite PREMISS: KULTUR Regional kulturplan for Hordaland. Områder som tidligare har hatt sine eigne fylkesplanar. Dette krev at alle områda vert handsama og vektlagt likt og at planen er presis, tydeleg og konsistens med hensyn til bruk av omgrepet kultur.

Dersom det ikkje er slik, at planen vektlegg eit område meir, vil det skape usikkerhet og utydlighet – og dermed gje mindre energi og offensivitet på dei ulike områda. Berre det faktum at tittel på planen berre viser til kultur og ikkje inkluderer idrett og friluftsliv er lite tilfredsstillande slik Bergen og Hordaland Turlag ser det. Dei fleste oppfattar ikkje idrett og friluftsliv direkte som ein del av kulturomgrepet slik som vi brukar ordet til daglig. På den andre sida inkluderer heller ikkje Kulturlova som sådan idrett og friluftsliv, og dette bør jo tale for seg sjølv. Namnet "Premiss: kultur" bør endrast.

I førre Friluftslivsmeldinga "Vegen til høgare livskvalitet", avsnitt 3.2., står det:  
*Friluftslivet er ein sentral del av den norske kulturarven.* Derfor må også friluftslivet ha ein sentralt plass i fylket sin kulturplan. Dette viser også undersøkinga gjennomført av fylkeskommunen sjølve i fjor, kor friluftsliv kjem høgst på lista over kultur driv med i fylket. Andre undersøkingar understrekar det same, t.d. i Aftenposten i 2013 kor det i ein undersøking kom fram at det flest folk forbinder med norsk kultur er *Friluftslivsmennesker!*

Grunnleggande meiner vi at natur og friluftsliv får ein dårlig handsaming og vektlegging i den framlagte planen. Vi ber dykk tenkje over følgjande; kan de tenkje dykk ein

bergensar utan dei 7 fjell, eller ein havstril utan kystheilandskapet? Ville hordalendingane vore like stolte om dei ikkje hadde hatt det verdsanerkjente fjordlandskapet rett utanfor døra? Som turistar valfartar frå alle verdshjørne for å sjå. Ein natur, eit landskap og ein unik arena for friluftsliv og reiseliv – som bidrar sterkt til folk i Hordaland sin sterke identitet, rekreasjon og helse, samt næringsgrunnlag for mange busett i fylket.

Ut frå kva kulturfelt innbyggjarane i Hordaland viser størst interesse for jf.. pkt. 3.4, er dette i ubalanse når ein ser at kva fylkeskommunen gjev størst plass og prioritet til dette kulturfeltet i høyringssdokumenta. Vi har ikkje ønskje eller føresetningar om å setje dei ulike kulturaktørane opp mot kvarandre, og det er nok å sjå til at friluftsliv på sjølvstendig grunnlag har fått ei side (s. 59) av eit 67 siders plandokumentet.

Oppsummert;

**Friluftsliv er ein sentral del av norsk kulturarv. Ein regional kulturplan bør difor ha med tilstrekkeleg med verkemiddel, tiltak og mål for å fremja og ivareta grunnlaget for utøving av friluftsliv i fylket.**

Slik måla framstår under pkt 36 (under kap. 5) i dag er det ei kvantitativ avgrensing og faktisk reduksjon av friluftslivets betydning, eit mål som kun speglar att dimensjonen som går på fysisk aktivitet – målt i minutter.

Vi vil i det følgjande peike på ein del problemstillingar og kome med forslag til endringar i teksten. Først kapittel 1:

## Kapitel 1

### *Pkt. 1.1. Med kultur for utvikling*

**Skal Hordaland fylkeskommune konkurrere mot Oslo om fleire, tyngre kulturelle sentra, eller dyrke og styrke det vi allereie er uslåelige på samanlikna med hovudstaden – natur, landskap og friluftslivsverdiar? Ein anna sak er; det står i planen (t.d. under pkt. 1.3.) at ein skal til å identifisere dei områda Hordaland skal posisjonere seg på. Her virkar det som noko allereie har utpeika tyngre kulturelle sentra.**

Vi meiner konkurranse mot Oslo er lite konstruktivt, vi står tygst på eigne bein her på Vestlandet. Vi har blant anna ei internasjonalt anerkjent kultur- og naturarv vi bør dyrka vidare. Avsnitt 5 under pkt 1.1. viser til at Hordaland skal konkurrere med Oslo om fleire, tyngre kulturelle sentra. Ein kan lett stille seg spørsmål om dette også inkluderar idrett og friluftsliv, og kva ein i så fall meinar med kulturelle sentra. Det kan virke som den som skriv tidvis skal femne alle, men oftast tenkjer på kunst og kulturlivet og då med dei kulturelle uttrykk vi er vane med. Planen startar frå pkt 1. med ei upresis og lite konsekvent tale om kva ein eigentlig snakkar om. Det skapar usikkerheit om kva som inngår i planen.

Bergen og Hordaland Turlag understrekar at ein først og fremst må ta utgangspunkt i innbyggjarane i Hordaland og deira behov. Ikkje nødvendigvis ein engare krets sitt ønskje om å gå i konkurransen med Oslo om å få fleire, tyngre kulturelle sentra. Dette vil i så fall lett verte eit vegval som bidrar til mindre ressursar til det dei interesseområda som femnar breiast i befolkninga i Hordaland, t.d. det å gå på tur og halde seg i fysisk aktivitet, og det å nyte naturens rikdom med mål om rekreasjon og god mental helse. (kjelde: Forbruker og media/interesser).

Kva er innbyggjarane i Hordaland mest interesserte i å gjere for å berike seg sjølve eller rekrekere seg på ein fridag? Er det eit museumsbesøk eller ein tursti til eit fint natur- og friluftslivsområde? Vi berre spør, og undrast over at det lokaliserast minimalt med midlar til å drive dette arbeidet gjennom ein frivillig friluftslivsorganisasjon som Bergen og Hordaland Turlag og Turistforeningen. Vi driv 1000 km med t-merka og varda stiar i Hordaland. Dette er definitivt Hordaland sitt største idrettsanlegg. Til dette arbeidet, og ein del anna vi gjer, mottar vi midlar som bidrar til ei halv stilling med administrasjon av 32 årsverk/56.000 timer med dognadsarbeid!

Kva er det vi har som ikkje Oslo har og som dei er sjanselause til å konkurrere om? I Hordaland har nasjonalparkar og UNESCOs fjordlandskap, vi har eit kulturlandskap som er unikt, og natur- og friluftslivsområde som folk drar frå utlandet i hopetal for å oppleve.

Vi ber no om at planen tar i seg alt det som ligg i i natur, landskap og friluftslivsverdiane i fylket. Her er det eit stort potensial for å styrke arbeidet innan reiseliv og næringslivsutvikling, samstundes om planen også må fange opp det heilt sentrale aspektet; menneskeleg trivnad og folkehelse. Trivast ikkje menneskja i samfunnet, ja, då er det i andre omgang lågare grad av deltaking i samfunnet. Det kostar samfunnet dyrt å ikkje tilrettelegge for at dei som bur her har det bra i lengda.

#### *Pkt. 1.2. Kulturomgrepet og kva planen handlar om*

Visjonen er å vere leiande europeisk kulturregion. I høve natur, landskap og friluftslivsverdiane er vi leiande internasjonalt, men dette er knapt nemnt i Regional plan for kultur! Dette vitnar om at planen har hovudfokus på kunst og kulturliv – der natur, landskap og friluftsliv ikkje høyrer innunder kulturomgrepet slik vi tolkar dette.

Vi skulle ønskje at naturen og landskapet vi bur i og omgir oss med fekk eit mykje tydlegare vektlegging som premissgjevar for vår kultur i denne teksten. I ein undersøking gjennomført av Aftenposten i 2013 fekk folk spørsmål om "kva er norsk kultur for deg?". På topp kom friluftslivsmennesker, altså friluftsliv er heilt grunnleggande i vår identitet. Samstundes veit vi også at vi i dagens forbrukssamfunn kor alt blir målt i vekst og pengar, er naturen og det grunnleggande økosystemet med viktige natur- og landskapsverdiane sterkt pressa. Regional kulturplan må fange opp dette i kulturomgrepet slik vi i Bergen og Hordaland Turlag ser det.

I visjonen bør vår rikdom både som innbyggjarar og som middel for å trekke til oss tilreisande og tilflyttarar framkomme;

**Vidareutvikle Hordaland som ein leiande europeisk kulturregion og synleggjere for både innbyggjarar og omverda den rikdom fylket har innan natur, landskap og friluftslivsverdiar.**

Under pkt. 1.2. finn vi igjen ei lite konsekvent handtering av omgrepene kultur, og tydleg vektlegging av kunst og kulturlivet når det vert skrive kan planen skal handle om. Ein brukar eit heilt avsnitt (avsnitt 4) til å fortelje om kunstens eigenverdi. Dersom kunstens eigenverdi skal skildrast, ber vi også om at naturen og friluftslivs eigenverdi også vert skildra under pkt 1.2.

Det kunne vere noko slikt som dette;

**Kultur integrert i eit menneskeleg og helsefremjande biletet, byggjer på naturens og friluftslivets eigenverdi. Alle menneske har rett på ein velfungerande natur som kan gi dei kjensle av sameksistens og høve til å kjenne på ro, stillhet og glede, meistring, læring og utfolding. Friluftslivspolitikken er ein del av kulturpolitikken, men er i sin karakter heilt avgjerande for at eit samfunn fungerer, ein særskilt viktig del av vår kulturarv og for vår identitet som menneske, og for dei aller fleste som ein stad og ein aktivitet som er oppbyggjande og god for sjela vår.**

### *1.3. Planen sitt føremål*

Allereie i setning nr. 3 tar ein opp att kampen mot Oslo. Vi kjenner oss ikkje igjen i dette biletet som vert skapt der kulturen utarmar det regionale kulturarbeidet. I allfall ikkje om kulturomgrepet, slik det er definert under pkt 1.2., innehold idrett og friluftslivet.

Men så står det, planen skal styrke Hordaland som kulturelt kraftsenter nasjonalt og internasjonalt. Vi er spente på om det her er snakk om natur- og friluftslivet? Eit viktig siktemål er å identifisere dei områda Hordaland kan posisjonere seg på.

Bergen og Hordaland Turlag ber om at vi blir involvert når arbeidet med å identifisere dei områda Hordaland skal posisjonere seg på vert satt i gang. Vi håpar verkeleg at områda som allereie er av stor internasjonal anerkjenning, våre natur- og landskapsverdiar, vår infrastruktur i naturen med rutenett og 25 turisthytteanlegg, vårt bidra direkte og indirekte til reiseliv- og næringsutvikling i fylket, vårt arbeid med å sikre viktige natur- og friluftsliv vert sett.

La oss saman sjå på kulturstatus for Hordaland.

#### *1.4. Kulturpolitiske mål for Hordaland*

For å oppretthalde våre forpliktingar knytt til UNESCO og EUs direktiver for landskap og naturmangfold (biologisk mangfold), bør mål nr. 2 lyde som følgjer;

#### **Mål 2: Hordaland skal ha eit rikt, aktivt, naturvennlig og mangfaldig kulturliv, men tilgang til alle.**

Vi ønskjer at natur, landskap og friluftsliv vert inkludert i målsetningane, på lik linje med at det i målsetning nr. 4. står at Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kulturuttrykk. Om ein ser på dei 6 måla, er det eit ubalansert bilete jmf definisjon av kultur kor også friluftslivet er ein særskilt viktig del og femnar om svært mange innbyggjarar sine interesser og identitet her i fylket.

Vi kan gjerne foreslår følgjande mål:

#### **Mål 4: Hordaland skal ha eit sterkt og profesjonelt kulturliv, som fremjar viktige natur- og friluftslivsverdiar og skapande og frie kulturuttrykk.**

Under mål 5. Er det litt upresist med miljø i denne samanheng? Kanskje kunne det også stått organisasjonar?

Vi fremjar eit mål nr 7, evt. integrert i mål nr 4.

#### **Mål 7/evt. del av mål 4: Likestilt med eit sterkt og profesjonelt kulturliv, er det eit viktig mål å ha eit sterkt frivillig kulturliv.**

Vi legg merke til at det i siste avsnitt under pkt 1.4. står at barn og unge skal vere eit gjennomgåande tema i planen. Slik vi har lest planen, ikkje vi oss ikkje att i dette og ber om at de legg meir vekt på denne målgruppa og set konkrete mål og prioriterer tiltak mot barn og unge.

## **Kapittel 2**

### *2.1. Forankring*

Det vert vist til kulturlova og at denne ikkje dekkjer idrett og friluftsliv. Her bør andre lover og føreskrifter komme tydligare fram i høve friluftslivet. Heilt sentralt ligg t.d. Naturmangfoldlova og lovverk knytt til nasjonalparkar og landskapsvernområde. Dette er også sentralt for å ta vare på kulturlandskapet. Kulturplanen viser til at landskap skal stå sterkt i planen, og då er det grunnleggjande at det uberørte og opprinnelige landskapet vert satt høgst.

Friluftsliv er dekke av mange andre lover enn Friluftslivslova. Blant anna er konvensjonen for den norske immatrielle kulturarven sentralt i arbeidet med friluftsliv. Denne viser til korleis vi har eit stort ansvar for å vidarebringe friluftslivet som kulturarv mellom generasjonar. T.d. evna til jakt og fiske, evna til å ta seg fram og kunne leve i ett med naturen – eller som dei fleste nordmenn veit; at vi skal ha ull innerst.

Vi skulle ønske at lover og konvensjonar knytt til friluftsliv, fekk like mykje omtale og plass i planen som Kulturlova. Vi skulle gjerne sett at Verdsarvkonvensjonen også vart meir vektlagt og forklart i detalj.

Konkrete forslag er:

- 1) Den europeiske landskapskonvensjonen bør inngå i kap. 2, td. Fortalen i Den europeiske landskapskonvensjonen: "Aware that the landscape contributes to the formation of local cultures and that it is a basic component of the European natural and cultural heritage, contributing to human well-being and consolidation of the European identity".
- 2) Gjeldande konvensjonen om immateriell kulturarv fra UNESCO (2003), ratifisert av Noreg i 2006: "«immateriell kulturarv» betyr praksis, fremstillinger, uttrykk, kunnskap, ferdigheter – samt tilhørende instrumenter, gjenstander, kulturgjenstander og kulturelle rom – som samfunn, grupper og, i noen tilfeller, enkeltpersoner anerkjenner som en del av sin kulturarv. Denne immaterielle kulturarven, som er overført fra generasjon til generasjon, blir stadig gjenskapt av samfunn og grupper i forhold til deres miljø, i samspill med naturen og med historien og gir dem en følelse av identitet og kontinuitet, noe som fremmer respekt for kulturelt mangfold og menneskelig kreativitet. I forbindelse med denne konvensjon tas kun i betraktnsing immateriell kulturarv som er forenlig med de eksisterende internasjonale menneskerettighetsinstrumentene og med kravene om gjensidig respekt mellom samfunn, grupper og enkeltpersoner samt en bærekraftig utvikling".
- 3) Ein bør visa til at friluftsliv er ein sentral del av norsk kulturarv, sjå til dømes St. meld. nr. 39 (2000-2001) "Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet". Sjå avsnitt 3.2 "Kulturarven – om tradisjonar og identitet" i meldinga.

<http://www.regjeringen.no/nn/dep/kld/dokument/proposisjonar-og-meldingar/stortingsmeldingar/20002001/stmeld-nr-39-2000-2001-.html?id=194963>

- 4) Ein bør visa til naturmangfaldlova § 40, og høve til å kombinera verneformål med status etter internasjonal konvensjon (t.d. UNESCO-konvensjonane). I naturmangfaldlova er landskapsvernområde i ein kultursamanhang og for friluftsliv, og tilsvarande er nasjonalparkar. I tillegg er utvalgte naturtypar kor det er samanfall mellom kulturlandskap og habitatbevaring; t.d. slåttemyr og slåtteeng.

Elles kan det gjere visast til EUs mål om stopp av bortfall av biologisk mangfald innan 2020.

## **2.5 Verkemiddel og støtterordningar**

Friluftslivsorganisasjonen Bergen og Hordaland Turlag drifter og vedlikeholder 1000 km t-merka stier i Hordaland fylke og har 20 hytteanlegg i fylket. I tillegg har Bergen og Hordaland Turlag også drift og vedlikehold for svært mange av de nye nærmiljøstiene som del av Vestlandsprosjektet. Samlet er det nå mange hundre nye stier i Hordaland, og Turlaget står for det frivillige arbeidet knytt til mange av disse. Det frivillige arbeidet knyttet til dette viktige arbeidet går ikke av seg selv. Det krever administrasjon, planlegging, tilrettelegging, rekruttering og kvalitetssikring i etterkant.

Vi meiner konkurransen mot Oslo er lite konstruktivt, vi står tygst på eigne bein her på Vestlandet. Vi har blant anna ei internasjonalt anerkjent kultur- og naturarv vi bør dyrka vidare.

Kvifor konkurrerer mot Oslo på tunge kulturinsittusjonar, når det som utmerkar seg og er Vestlandets styrke er natur, landskapsverdiar og friluftsliv? Vi har ein natur utan sidestykke, UNESCO utnemnde fjordar og fjordlandskap, vi har ein kultur og rikdom innan friluftslivet som mange andre fylke er svært misunnelege på. Tenk berre på 7 - fjellsturen, OPPTUR det nær er 100% dekning i fylket (over 7000 ungdommar får prøvd seg på tur i fjellet) og Kom deg ut-dagar over heile fylket.

Vi har pr i dag kr 450.000 i driftsstøtte frå fylkeskommunen. Dette er ikkje ein gang ei full stilling hjå oss. Turlaget jobbar med sprengt kapasitet, og har mykje ansvar for tilrettelegging av anlegg (les turstiar og turisthytte), fysisk aktivitet og lågterksel folkehelsetilbod og sikring av natur- og friluftslivsområder.

Til samanlikning får BOF som er ein interkommunalt eigd organisasjon med kun nokre få frivillige (Turlaget har 32 årsverk med frivillighet, 56.000 timer) mellom 8 og 9 kroner pr innbyggjar i eigarkommunane. Skulle vi ha tilsvarende dette for innbyggjarane i Hordaland ville dette ha vore over 3 millionar kroner. Det er svært mange som nyttar vårt tilbod som ligg der gratis og opent for bruk, både anlegga (stiar og turisthytter) og alt vi har av gratis og ope tilbod om fysisk aktivitet og rekreasjon.

I kjølvannet av Vestlandsprosjektet er det viktig å få ein oversikt over alle turstiane og i det vidare arbeidet sikre god oppfølging og vedlikehald. Sentralt i dette arbeidet står å sørge for sikkerhet der folk skal ferdast og å sørge for at det er tilstrekkelig frivillige som tek på seg arbeidet.

Gjennom eit år har vi 1100 organiserte kurs og turar, og i tillegg til dette alt av nærmiljø og lågterskeltilbod lokalt. Bergen og Hordaland Turlag er Vestlandets største friluftslivsorganisasjon.

### **Innspel til avnsitt 2.5.:**

1. Fylkeskommunen har først og fremst eit regionalt kulturpolitisk ansvar. Flott!
2. BHT ønskjer frie midler, framfor prosjektmidler

3. Vedrørande fylkeskommunen si vurdering om å innføre alternative tilskotsperiodar, støtter BHT vurderinga om 3 års løyvingar for driftstilskot. Det gjev tryggleik for drifta.
4. Vedrørande tilskot til prosjekt og tilskot, er vi samd i at dette skal ha ei klar forankring i dei fylkespolitiske målsettinga. Derfor er det no med ny kulturplan viktig å vere nøyne når dei strategiske prioriteringane vert gjort.
5. BHTs ønskjer ei dobling av BHTs driftsmidler .
6. Det er viktig å samordne og styrke fylkeskommunens støtte til frivillige organisasjoner.
7. 10 % av spillemidlene bør gå til friluftsanlegg og BHT må kunne inkludere hytteanlegg som nyttast særlig til leirar og basecamps i ordninga.

Kravet om at tilskots føremålet må "unikt" må konkretiserast. "Unikt" er relativt, og kan både ekskludere og inkludere det meste. Eit anna kriterium er "tidsavgrensa". Å etablere nye satsingar, som ein ønskjer skal gje langvarig effektar, er tid- og arbeidskrevjande for ein frivillig organisasjon. Fylkeskommunen må såleis ta stilling til om det er enkelt stunts eller utviklingsarbeid som skal prioriterast. Vi føreslår at dei fire kriteria /presiseringane om dette vert omformulert evt. fjerna heilt, og at det heller vert innført aktivitetstilskot etter modell frå Bergen kommune, avdeling for idrett og friluftsliv. Med eit strategisk samarbeid (kulturplan, plan for idrett, friluftsliv, partnarskaps- og intensjonsavtalar osb.) må det følgje økonomi som er forutsigbar og effektivt tildelt. I dag forheld vi oss til ein fragmentert tilskotsportal og delar våre satsingar opp etter som kva kriteria og pottar fylkeskommunen har. Samfunnsaktørrolla på til dømes folkehelsefeltet fordrar at BHT må tilpasse og utvikle medlemstilbodet, organisasjon og drift, og auke rekrutteringa av frivillige og tilsetteressursar. Samfunnsoppdrag fordrar ekstern finansiering både for gjennomføringsevne, men også intern legitimitet i medlemsorganisasjon, slik at det er godt gjort at ressursar (pengar, frivillige, organisasjon, administrasjon) er med å realisera offentlege målsettingar.

Av Bergen kommune er BHT tildelt aktivitetstilskot, der grunnlaget er ein forpliktande handlingsplan. Dette opplever vi som effektivt og målretta bruk av oss som frivillig organisasjon. Meir av ressursane på kjerneaktivitet, og mindre søknads- og rapporteringsarbeid. Vi vil oppfylle krava til det offentlege om å dokumentere bruken av offentlege midlar, men det må gjerast effektivt, og i dag tek omfattande søknads- og rapporteringsrutinar tek for mykje av kapasitet, sjølv for oss som frivillig organisasjon med administrative ressursar.

Slik skildringa i høyringskastet pkt. 2,5 side 13-14 står no vil fylkeskommunen halde fram med ein fragmentert og lite samordna verkemiddelbruk. Dette er tungvindt for alle partar, og i tillegg bør det leggjast vekt på at dersom det offentlege forventar at frivillige organisasjonar skal ta samfunnsoppdrag (andre målgrupper, eit anna tilbod og anna ressursbruk, enn det som ligg i organisasjonen til vanleg), må det offentlege også leggje betre til rette for det, strategisk, økonomisk og praktisk.

Oppsummert ønskjer vi langsiktige, gjensidig forpliktande samarbeidsavtalar, finansiert i drifts- og aktivitetstilskot i 3 årige tildelingar.

**Pkt. 2.5 pkt. D om relevante omsyn ved tildeling av tilskot,** side 15:

Er friluftsliv gløymd eller valt vekk når "kulturen og idretten sin eigenverdi" vert omtala? Friluftsliv manglar! Dette går att fleire gonger i høyringsdokumenta. Spørjeundersøkinga i punkt3.4 viser at friluftsliv er det kulturfeltet innbyggjarane i Hordaland har størst interesse for, med ein skåre på 4,7 poeng, der 6 poeng er svært interessert. Nr. to er film med 4.4 poeng. Kvifor vel fylkeskommunen systematisk å ikkje synleggjere friluftsliv? Vi foreslår at alle stader i plandokumenta der kultur og idrett er omtala, også skriv inn friluftsliv.

I handlingsplanen på innsatsområde 14 om kompetanse, er friluftsliv heller ikkje nemnd. Målet er at Hordaland skal vere kjenneteikna av kunnskapsbasert forvaltning og høg kompetanse på kulturfeltet. Kompetanse på friluftsliv er generelt synkande (legg ved BHT sin mål- og strategiplan). Og det synleggjer eit utdekka kompetansebehov når innbyggjarane melder friluftsliv er det mest interessante kulturfeltet. Fylkeskommunen kan vel ikkje stå utan kompetansemål og -tiltak på det området innbyggjarane er mest interesserte i?

### ***Punkt 3 om kulturstatus i Hordaland,***

pkt. 3.4 om spørjeundersøkingar, understrekar betydningen av friluftsliv i seg sjølv og kor viktig det er å ha mål og tiltak på dette området.

## **Kapitel 4. Kulturpolitiske utfordringar**

### ***Pkt 4.1. Endringar i busetnad og infrastruktur***

I avsnitt to vert det skildra behovet for utvikling av nye anlegg for kultur- og idrett. Vi skulle ønske også friluftsliv vart tatt med her. Vidare er det viktig at det ikkje vert laga eit bilet av at all aktivitet skjer i anlegg, det største anlegget for aktivitet i fylket er ikkje anlagt av menneskjhender, det er naturen. Og den må sparast på, ikkje berre i fjellet, men i nærmiljøet der folk bur. Elva som renn fritt, den gamle skogen med hule stammar.

Behovet for at områder med viktige natur-, landskap- og friluftslivsverdiar må forblive inn i teksten. Ein særskilt verd i det ubørte, det som ikkje er bygd ut, og dette er grunnlaget for mykje av friluftslivet og er viktig for folks trivnad og rekreasjon. Dette kjem ikkje tydleg nok fram.

### ***Pkt. 4.3 om verdiskaping***

understrekar at kultur skaper og utviklar verdiar i samfunnet i vid forstand. Det er knytt til identitet, kunnskap, meiningsdanning og oppleving.

Vi foreslår at det vert ført inn at; "**kultur- og naturverdiar" skaper og utviklar verdiar i samfunnet i vid forstand.**

BHT foreslår at heile pkt 4.3 får inn friluftsliv, naturopplevingar, naturverdiar, frivilligkeit og dugnadsånd inn. Både praktisk og verdiretta driv Turlaget til dømes turisthytter, det er enkelt sagt eit system tufta på dugnad og tillit. På våre turisthytter er det opne dørar med tilgang til alt ein treng for seg. Eit enkelt friluftsliv er ein viktig motvekt mht. aukande forbrukarmentalitet.

I pkt. om kulturformidling og kunstproduksjon, avsnitt to, står det at kunstopplevingar er utviklande for både enkeltmenneske og fellesskapet. Det gjeld også naturopplevingar!

Vi foreslår at setninga vert komplimenterast med "**og naturopplevingar**", og at det vert laga eit eige avsnitt om formidling av friluftsliv og naturopplevingar, som utleda av avsnitt 4 der Hordaland fylkeskommune forpliktar seg over det profesjonelle kulturlivet, blir;

**Hordaland fylkeskommune skal legge til rette for vekst i frivillige organisasjonar innan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, og ser felles løysingar og grenseoverskrivande samarbeid som ein god veg å gå. Fylkeskommunen ønskjer å satse på tiltak som fleire innbyggjarar til gode. Det er i regelen viktig at dette er opne og inkluderande tiltak og møtestader.**

Det siste avsnitt under 4.3 fortel at den store frivillige innsatsen representerer ei uvurderleg samfunnsmessig verdiskaping. BHT foreslår at det vert synleggjort i langt større grad. Frivilligheita har rett nok eit avsnitt i 5.2 pkt 7, men innleiingsvis og som hovudmål for kulturarbeidet dei neste tiåra bør verdien av frivilligheit skrivast inn. Frivilligheita er generelt sett omtala som limet i eit mangfaldig kulturliv, og viss fylkeskommunen syns det er viktig for framtida også, må det tydeleg inn i planen jf. Pkt. 1.4.

Avsnitt 3 i pkt. 4.3 skriv at Kulturlivet på Vestlandet er i stor grad samansett av mange profesjonelle og mindre kulturaktørar. Igjen blir frivilligheita ikkje teke med. Frivilligheita må skrivast inn her også! Bergen og Hordaland Turlag representerer 32 årsverk i frivillighet, og hadde ei auke på 19 prosent frå 2012 til 2013. Hordaland fylkeskommune bør vere med å til rette legge for at den positive utviklinga held fram.

Avsnitt 4.3, skular og friluftsliv:

" For å oppnå økt bruk av naturen i læringsøyemed, vil regjeringen oppfordre til at alle skoler utarbeider en nærmiljøanalyse, med kartlegging av områder somegner seg som læringsarena. Dette er områder som har særlege opplevelseskvaliteter i form av kulturminner, naturmangfold, landskap eller lignende. Regjeringen vil også oppfordre alle skoler til å gjennomføre en kartlegging av barnas ferdsselsårer i skolens nærområde og bruke metodikken «Digitale barnetråkk», som Statens kartverk har utviklet kartgrunnlaget for. Det er viktig å legge til rette for en trygg skolevei slik at barn og unge kan gå eller sykle til skolen. En kartlegging av barnas ferdsselsårer kan også være til hjelp for å finne trygge skoleveier, med minst mulig støy og luftforurensning, jf. også mål i Nasjonal transportplan om at 80 prosent av barn og unge skal gå eller sykle til og fra skolen. I tillegg til at naturen kan benyttes som læringsarena, er det også viktig å rette oppmerksamheten mot utvikling av ferdigheter og kompetanse i friluftsliv, for å videreføre en viktig del av den norske kulturarven som friluftslivet representerer".

Om barnetråkk: " Barnetråkkregistreringer er en metode for å gi barna en stemme i planleggingen. Gjennom analoge eller digitale verktøy registrerer barn selv hvor de liker å være og hvor de ikke liker å være. Barnetråkkregistreringer er en kartlegging av

skolevei, lekeområder, steder der barna sykler, går på ski, aker, leker sisten eller spiller fotball. Parker, plasser, gater, torg, veikryss og snarveier registreres med barnas egen vurdering av hvordan det er å være der. Registreringene tar høyde for ulike årstider og når på døgnet (morgen, dag, ettermiddag, kveld) barna liker/ikke liker å bruke de forskjellige stedene”.

I tillegg til målsetjinga om at norske kommunar skal kartlegge og verdisetje lokalt viktige friluftslivområder innen 2018, så tek friluftslivstrategien også til orde for å betra kunnskapsgrunnlaget i arealforvaltinga gjennom:

Kommunal planlegging skal ta vare på omsynet til barn og unge i planlegginga, jf. plan- og bygningslova § 1-1. Dette er også nedfelt i ”Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging”.

”Prioritere forskning og utredningsarbeid om helse- og læringseffekter av friluftsliv, herunder hva som er de viktigste barrierene og motivene for å utøve friluftsliv og hvilke tiltak som har best effekt for å oppnå økt deltagelse i friluftsliv”.

#### **Pkt. 4.9 omtalar fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.**

Det er her Bergen og Hordaland Turlag skal finne overordna retning og heimel for framtidig strategisk og økonomisk samarbeid dei neste ti åra.

Ut frå kva kulturfelt innbyggjarane i Hordaland viser størst interesse for jf.. Pkt. 3.4, er dette i ubalanse når ein ser at kva fylkeskommunen gjev størst plass og prioritert til dette kulturfeltet i høyringsdokumenta. Vi har ikkje ønskje eller føresetningar om å setje dei ulike kulturaktørane opp mot kvarandre, og det er nok å sjå til at friluftsliv på sjølvstendig grunnlag har fått ei side (s. 59) av eit 67 siders plandokumentet. Dersom handlingsprogrammet speglar att denne eine sida, er ei side meir nok, men handlingsprogrammet ikkje det, tvert imot er målformuleringane der avgrensa til det som går på fysisk aktivitet.

Avsnitt to om eigenverdien til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, vert foreslått utvida for å synleggjere betydinga av friluftsliv. Helseaspektet er vist i høyringsutkastet, men det må fram at friluftsliv har betydning for at barn, unge og alle kan utfalte seg, oppleve, lære, meistre på måtar og i omgjevnader som gjev identitet, ferdigheter, verdiar og haldningar. Dette er essensielt mht. friluftslivets kjerneverdiar og virke. Bergen og Hordaland Turlag og Den Norske Turistforening jobbar under visjonen Naturopplevingar for livet.

Spørjeundersøkinga pkt. 3.4 viser som ei av mange kjelder at folk flest er oppteken av friluftsliv, både dei som er aktive, men også av dei som ønskjer å verte meir aktive. Friluftsliv har kvalitetar som appelerar. Planens pkt. 5 innsatsområde 38 om friluftsliv får dette delvis fram, men i handlingsprogrammet innsatsområde 38 (s. 17) om friluftsliv er det kun nedfelt med eitt mål og det er:

*Pr i dag i planen:*

*Mål*

*1. Fleire barn og unge skal vere fysisk aktiv i minimum 60 minutt dagleg*

*2. Fleire vaksne skal vere fysisk aktiv i minimum 150 minutt per veke med moderat intensitet  
eller 75 minutt med høg intensitet*

Dette er ei kvantitativ avgrensing og faktisk reduksjon av friluftslivets betydning, eit mål som kun speglar att dimensjonen som går på fysisk aktivitet. Friluftslivet har langt fleire dimensjonar, og dertil viktige dimensjonar, som vi trur gjer at det appellere til både aktive og ikkje aktive innbyggjarar. Det er ein stor verdi i å vere i kontakt med natur og oppleve det unike, ikkje- menneskeskapte, enkle og ekte. Slik målet er no, står dreier det seg om 60 og 150 minutt aktivitet i ulik intensitet. Spissformulert vil 60 minutt på tredemølla framfor widescreen oppfylle det fylkeskommunale målet.

## Kapittel 5. INNSATSOMRÅDER

### 1. Urbanisering, stadutvikling, bygnings og landskap

Her må etter BHTs syn friluftslivforvaltning også inkluderast under "forvalternansvaret". Her tenkjer vi blant anna på arbeidet Turlaget gjer med å tilrettelegge for friluftsliv med turisthyttene til BHT (20 anlegg i Hordaland) og dei t-merka stiane (1000 km i Hordaland).

Det bør i tillegg til kulturminne lov også visast til friluftslivslova – og at det må satsast spesielt på å kartlegge, verdisette og utvikle friluftslivsverdiar saman med kulturminneverdiar.

Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv (T-1535):

[http://www.regjeringen.no/nb/dep/kld/dok/rapporter\\_planer/planer/2013/strategi-aktivt-friluftsliv.html?id=734341](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kld/dok/rapporter_planer/planer/2013/strategi-aktivt-friluftsliv.html?id=734341)

Her vert det sagt at ein skal sjå friluftslivkartlegging i samband med kulturminnekartlegging: "Regjeringen vil videreføre arbeidet med å stimulere tilkartlegging og verdsetting av friluftslivsareal i alle landets kommuner. Dette bør også sees i sammenheng med andre kartleggingar som pågår, for eksempel Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltningen, som blant annet innebærer kartlegging og registrering av kulturminner i kommunene". Her kan ein visa til tidlegare arbeid til dømes rapporten "Kulturminner og friluftsliv Rapport fra seminar og forslag om oppfølging" (2009) Frå Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren.

Koblinga mellom friluftsliv og kulturminner (2): " Regjeringen vil øke satsingen på kulturminner som opplevelsesressurs og motivasjonsfaktor i friluftsliv, ved formidling, synliggjøring og bruk av kulturminner. Samordning og samarbeid mellom frivillige organisasjoner og statlige aktører skal økes" (s.11 i nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv).

*Under "Byggherreansvar"*

"Det står at planen sin intensjon er å setje Norge på det internasjonale kunst- og reisemålskartet – og gjere Noreg til ein arena for internasjonale samtidskunstnarar frå alle himmelstrøk!"

Dette er igjen eit døme på at planen er lite balansert og vektlegg områda likt. Kva har denne intensjonen i punkt 5.1 å gjere? I så fall må de skrive inn liknande intensjonar knytt til friluftsliv og vårt ønskje om å få flest mogeleg folk ut på tur i fylket vårt, også samtidskunstnarar.

## 2. Arenautvikling

### **Mål 1 og 2: Inkludere friluftsliv; Kultur-, idrett- og friluftslivsarenaer.**

Under Plassering og funksjonsdeling

Her må det inn hytte- og rutenettet til DNT, med blant andre Bergen og Hordaland Turlag og Voss utferdslag. Det står kun henvist i teksten til kultur –og idrettsarenaer.

### **5.2. Formidling og deltaking**

#### *3. Demokrati og kulturkritikk*

Her må vi få med eit eige avsnitt om av viktigheten av frivillige organisasjonar, og at desse har administrative ressursar til å faktisk kunne fremje interessene til organisasjonane. I dagens samfunn krevast det både tid og kunnskap for å nå fram til politikarane.

Siste avsnitt. Her må det også inkluderast kritikk knytt til landskap og naturforvaltning. Slik det framstår no er dette berre knytt til kulturredskap.

#### *4. Digital allmenning*

Målet: Her må friluftsliv også vere med. Ikkje berre vise til kultur og idrett.

Ein av dei mest populære nettsidene og appene i Norge er ut.no som er drive av NRK og DNT. Friluftslivet kan ikkje verte gløymde her heller.

#### *5. Inkludering*

Her bør vi tydeliggjere dugnad som ein viktig folkehelseaktivitet i seg sjølv.

### **5.9. Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv**

Bergen og Hordaland Turlag vil ha inn følgjande mål og tiltak under pkt 5.9

#### **36. Fysisk aktivitet**

##### **Mål 3: Aktivt friluftsliv**

**At alle barn og unge får vere i sameksistens med naturen i løpet av ei veke.**

Her viser vi til nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (Klima- og miljødepartementet).

### **38. Friluftsliv:**

Vi foreslår endring av målet " Fleire skal delta i friluftsliv på jamn og varig basis. " som vi synest er for lite tydelig og ambisiøst.

**Mål 1: Alle skal ha mulighet til å delta i friluftslivaktivitetar i nærleiken av der dei bur. Det skal særleg leggast til rette for barn og unge.**

Framlegg til endring mål 2;

**Mål 2: Sikre og legge til rette for fleire og betre anlegg og stiar for friluftslivet, og sikre grunnlag for god drift og vedlikehald gjennom dei frivillige organisasjonane.**

**Mål 3: Vegen inn i friluftslivet for barn og unge skal ha høg kvalitet og solid struktur på alle nivå. Alle barn skal ha høve til å ta del i og oppleve friluftsliv.**  
(Tilsvarande som pkt. 5. 7 for kunstproduksjon og kulturformidling).

Tiltak under dette mål:

Styrke tilbodet og kvaliteten i friluftslivaktivitetar i skulen. Utarbeide strategisk plan for friluftsliv i skulane, som legg til grunn eit samarbeid og koordinering med det frivillige friluftslivstilbodet i kommunane.

**Mål 4: Vilkåra for friluftsliv og formidling av friluftsliv må styrkast i heile fylket. Regionen skal ha eit berekraftig friluftsliv med komplette verdikjedar.**  
(Tilsvarande frå pkt. 27 om kunstløftet).

Tiltak under dette målet kan skrivast ut frå Planen pkt. 38 siste avsnitt om talar Friluftslivets hus med at Friluftslivets Hus skal styrkast som regionalt informasjons- og kompetansesenter. Dette er ein funksjon til teneste for offentlegheita. Som medlemsorganisasjon kjem vi krysspress mht. ressursar og legitimitet når det vert brukt medlemskontingent og andre lagsinntekter til å drive Friluftslivets Hus. Til dømes har vi ei stor kundegruppe i turistar, som har ofte har lite kompetanse og føresetnader for ferdast på norsk natur. Styring av Friluftslivets hus må inn i handlingsprogrammet, for å styrke og synleggjere den samfunnsoppgåva Turlaget utfører her.

Dette er eit område Hordaland kan posisjonere seg på. BHT er Vestlandets største friluftslivsorganisasjon, og etableringa av Friluftslivets Hus er aleine av sitt slag i landet.

Vi meiner formidling av friluftsliv må likestilla med formidling av anna kultur. Spesielt når innbyggjarane er mest interessert i det?

Tiltak under dette målet er å utvikle samarbeidsmodellar som føreslått om under pkt. 2.5 om lengre tildelingar av driftstilskot og etablering av aktivitetstilskot.

Vidare har BHT nokre viktige mål knytt til tilrettelegging. Planen fokuserer mykje på sikring av friluftslivsområder, og her må det konkretiserast at dette også gjeld ferdselsvegar med kulturistorisk verdi og turstiar. Elles vert dette i stor grad berre knytt til dei interkommunale friluftsråda.

## **Mål 5: Vedlikehald og utbetring av ferdselsvegar av kulturhistorisk verdi (som nyttast i friluftslivssamanheng). Kartlegging og registrering innan 2018.**

Her skal det vere eit tett samarbeid med kulturminneforvaltninga. Dette er allereie satt i gang knytt til prosjektet Historiske vandreruter, og vil vere ein svært viktig start på samarbeidet mellom fylkeskommune, kommunar og BHT for å sikre desse verdiane, tilrettelege dei og gjere dei kjent for befolkninga. T.d. veit vi at restaurering og steinsetting av gamle turstiar bidrar til at mange får ein ekstra dimensjon knytt til sitt friluftsliv.

Vi refererer her til nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv.

## **Mål 6: Hordaland fylkeskommue må legge til rette for og vere pådrivar til at viktige friluftslivsområder lokalt vert kartlagt og verdisatt i kommunane innan 2018. Dette er eit arbeide som så vidt er igangsatt i 2014 med løyvingar frå direktoratet.**

I dette arbeidet er dei frivillige organisasjonane som BHT sentralte som samarbeidspartner inn mot kommunane. BHT ber om at det vert løyvd ressursar også til det administrasjon av det frivillige arbeidet knytt til denne viktige oppgåva.

Førre Friluftslivsmeldinga "Vegen til høgare livskvalitet", avsnitt 3.2.; friluftsliv er ein sentralt del av den norske kulturarven. Derfor må også friluftslivet ha ein sentralt plass i fylket sin kulturplan. Kartlegging og verdisetting må vere prioritert dei neste 4 åra med ressursar frå fylket.

### **Kapittel 5.5. Kulturminnevern**

Vi ønskjer å peike på nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv (T-1535) og føringar denne gir.

[http://www.regjeringen.no/nb/dep/kld/dok/rapporter\\_planer/planer/2013/strategi-aktivt-friluftsliv.html?id=734341](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kld/dok/rapporter_planer/planer/2013/strategi-aktivt-friluftsliv.html?id=734341)

Her vert det sagt at ein skal sjå friluftslivkartlegging i samband med kulturminnekartlegging: "Regjeringen vil videreføre arbeidet med å stimulere til kartlegging og verdisetting av friluftslivsareal i alle landets kommuner. Dette bør også sees i sammenheng med andre kartlegginger som pågår, for eksempel Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltningen, som blant annet innebærer kartlegging og registrering av kulturminner i kommunene". Her kan ein visa til tidlegare arbeid til dømes rapporten "Kulturminner og friluftsliv. Rapport fra seminar og forslag om oppfølging" (2009) Frå Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren.

### **17. Kulturminne som ressurs**

**Mål: Ferdselsvegar og hytter med kulturhistorisk verdi skal løftast fram.**

BHT har mange hytteanlegg med kulturhistorisk verdi og tek eit stort ansvar fylkesvis og regionalt (også Sogn og Fjordane) for å drife og vedlikehalde desse. I tillegg arbeider vi stadig med større utbettingsprosjekt knytt til viktige ferdsselsvegar. Her er det mykje arbeid som bør iverksetta. Dette må verte fange betre opp i mål og tiltak under kulturminner.

Som tidlegare nemnt, bør kulturminneavdelinga og BHT gå i dialog for å få kartlagt og registrert viktige kulturminne som er sentralt i natur- og friluftslivssamanheng.

Vi viser til koblinga mellom friluftsliv og kulturminner (2): "Regjeringen vil øke satsingen på kulturminner som opplevelsesressurs og motivasjonsfaktor i friluftsliv, ved formidling, synliggjøring og bruk av kulturminner. Samordning og samarbeid mellom frivillige organisasjoner og statlige aktører skal økes" (s.11 i nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv).

## **18. Utvalgte kulturminnekategoriar.**

Vi ønskjer at *Friluftsliv* vert tatt opp som ein kategori som får særskild merksemd i planperioden.

Det haster med å kome i gang med friluftslivkartlegging i samband med kulturminnekartlegging. T.d. ferdsselsvegar med kulturhistorisk verdi: Vi viser til; "Regjeringen vil videreføre arbeidet med å stimulere til kartlegging og verdsetting av friluftslivsareal i alle landets kommuner. Dette bør også sees i sammenheng med andre kartlegginger som pågår, for eksempel Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltningen, som blant annet innebærer kartlegging og registrering av kulturminner i kommunene". Her kan ein visa til tidlegare arbeid til dømes rapporten; "Kulturminner og friluftsliv. Rapport fra seminar og forslag om oppfølging" (2009) Frå Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren."

## **19. Verdsarv**

**Mål: Kartlegge og sikre viktige områder og stader som er grunnleggande å bevare (spare) for å sikre eit heilskapleg fjordlandskap.**

Verdsarva kan ikkje verte handsama stykkevis og delt. Ansvaret må vere tydelig adressert både fylkesvis og kommunalt. Det er viktig at fylkeskommunen i samarbeid med kommunar og organisasjonar som BHT fremmar verdsarva i reiseliv og friluftslivssamanheng.

Her må fylkeskommunen fange opp undersøkinga gjennomført av Fjord Norge i 2013 som viser at fjordlandskapet er heilt sentralt for folks naturoppleveling i Hordaland.

## **Andre innspel til Handlingsprogrammet:**

### ***Innatsområde 1 om Arkitektur m.m.***

Bra pkt F: Om utarbeide regional plan for landskap, grøn stuktur og friluftsområde i Hordaland, der FNF vert med.

### ***Innatsområde 2 om Arenautvikling – infrastruktur***

Generelt bør alt av tekst som gjelder uteområde, turløyper og tilrettelegging av område for aktivitetsutfolding inngå som en del av anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv. Dette gjelder også tiltaka som handlar det same.

Bra pkt. D om mål om merking og gradering av turstiar. Foreslår at fylkeskommunen i tillegg til å delta i det nasjonale prosjektet, også ser på behovet for den naudsynte driften og vedlikehaldet av det tilretteleggingsarbeidet som er gjort. Samstundes er vi ikkje ferdige med alt i prosjektet, og det er i BHTs syn behov for administrative ressursar på permanent basis knytt til både nyestablering, vedlikehald og drifting. Det er pr i dag ingen som har oversikt i fylket. Dette må gjerne vere på fylkesnivå i ein organisasjon som BHT. Vi har god kontakt med kommunar og mange lokale krefter gjennom lokallaga våre.

Vi ønskjer som før nemnt at våre turisthytter som ligg i tilknyting til veg, vert definert som nærmiljøanlegg. Desse hyttene, Alexander Grieg og Træet, vert i stor grad nytta av skuleklassar og andre organisasjonar. Vi ser bl.a. behov for å utvikle desse som meir permanente basecamps med utstyr og lokalitetar utandørs.

### ***Innatsområde 3 om Demokrati og kulturpolitikk***

Bra mål om å utvikle og støtte arenaer, miljø og tiltak som fremjar kritisk tenking. Her må frivillige organisasjonar inn også, Friluftslivets Hus og FNT.

### ***Innatsområde 7 om frivilligkeit.***

I tillegg til gode møteplassar, må ein få inn styrking av rammene og effektiv tildeling av løyvingar.

Auka profesjonalisering må komme som eit ønskje frå frivillige organisasjonar som treng tilsetteressursar til å koordinere frivillige aktivitet. Satsingar av ein viss storleik og over tid fordrar slike ressursar. Auka profesjonalisering på skje på frivillig sektor sine premissar og i eit samarbeid, og ikkje ut frå det offentlege sitt systembehov.

### ***Innatsområde 8 om kulturbasert næringsutvikling/kulturnæring***

Norsk natur og naturopplevingar påverkar verdiskapinga og attraktiviteten for Hordaland. I lag med reiselivet er Bergen og Hordaland Turlag/Friluftslivets Hus ein naturleg partnar om å utarbeide strategisk plan for utvikling av kulturnæringer, nettverk og støtteordningar.

Under pkt. F om felles marknadsføring av attraktive område for kulturbasert reiseliv, må Turlaget v/ Turinformasjonen inn og Friluftslivets Hus med som partnar. Vi driv både med systemretta og enkeltvis formidling om norsk natur og attraktive turområde. Sjå det som står som forslag på pkt. 4,9 b. Igjen er dette eit område Hordaland kan posisjonere seg på då Friluftslivets Hus i Hordaland, er det einaste av sitt slag i landet.

Under G om å utvikle arbeid med kulturminnevern og verdskaping, er ikkje frivillige organisasjonar ein partnar? Det står ikkje her, men kjem fram under innsatsområde 20 C om å etablere ordningar for å styrke frivillig sektor og nye samarbeid om kulturarv.

**Innsatsområde 11 om Kulturregion Vestlandet:** Hugs friluftslivet og frivilligheita!

**Innsatsområde 13 om Verkemiddel og støtteordningar,** sjå forslag over under pkt. 2.5 inn i nytt pkt. D om å etablere aktivitetstilskot som alternativ for fragmenterte tilskotsordningar, overfor frivillige organisasjonar som får tildelt midlar frå mange ulike fylkeskommunale ordningar.

**Innsatsområde 14 om Kompetanse**

Det er ønskja at det vert dokumentert og formidla status for kultur- og idrettsfeltet i Hordaland. Vi foreslår at fylkeskommunen også gjer det for friluftsliv.

C: Kva type kompetanseutvikling innan kultur og idrett? Vi foreslår at fylkeskommunen også gjer det for friluftsliv, viss ein ønskjer å utvikle det kulturfeltet innbyggjarane har størst interesse for jf.. Spørjeundersøkinga pkt. 3.4. Vi ønskjer Friluftslivets Hus og Bergen og Hordaland Turlag som partnarar på dette delmålet.

Sjå det som er skrive og foreslått over i pkt. 2.5 D.

Elles kjem det fram av innsatsområde 39 tiltak C at ein vil gjennomføre kompetansetiltak innan anleggsutvikling, og då legg vi til grunn at det også gjeld stiar og uteområde laga for utfolding.

BHT ser det som naudsynt med ei større satsing på kompetanseutvikling både av dei profesjonelle vaksne og dei vaksne på heimebane. I samarbeid kan vi lage (slik som foreslått under innsatsområde 36) må lage aktivitetsprogram. Viktig med låg terskel for å delta.

**Innsatsområde 36 om fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv**

Hurra for mål om å få 60 minutt fysisk aktivitet inn i skulen! Vi bidrar gjerne her med konseptutvikling, og takkar for å vere oppført som partnar.

Om tiltak D om å fortsetje Aktiv saman, er dette prosjektet evaluert?

Ligg dette på rett plan- og forvaltningsnivå?

**Innsatsområde 38 om friluftsliv** er grundig omtala over om pkt. 4.9. Vi synest det er underleg at tiltak for friluftslivet berre kan falle ut av ein handlingsplan utan at dette vert fanga opp før utsending. Det gjer det også vanskelig å kommentere og gje innspel til handlingsprogrammet som sådan.

Særlig viktig i kommande fireårsperiode er kartleggje og verdisetje lokalt viktige friluftslivområder innen 2018. Samstundes må det løyast meir til administrative ressursar i dei frivillige organisasjonane (som BHT) til arbeide med å få fleire barn og unge med i friluftslivsaktivitetar spesielt.

Vennlig helsing

Helene Ødven

Daglig leiar